

**White Lies rundar av Festidalen**

25.04.2013

**Årets plakat for Festidalen er full. Det tiande og siste bandet vert White Lies og dermed er det arrangøren kallar 7 norske festgeneralar, 2 britiske kruttønner og nederlands største rocketalent på plass. Dei er Razika, Death Letters, The Darkness, Oslo Ess, Marit Larsen, Cazadores, Yuma Sun, Lars Vaular, Blood Command - og altså White Lies.**

White Lies har turnert med ingen ringare enn Coldplay, Muse, Florence & the Machine og Kings of Leon og vunne fleire awards,

Dei har spela på festivalar som Roskilde, og Glastonbury og på sjølvaste Wembley Stadion.

Med plata To loose my life i 2009 erobra dei fyrsteplassen på den britiske albumlista og musikken deira slektar på band som The Killers og Depeche Mode.

Det dreier seg om deilig indiepop,  
skriv pressesjef Hegre Digranes